



## Sakspapir

| Saksbehandlar   | Arkiv     | ArkivsakID |
|-----------------|-----------|------------|
| Peter Olav Lura | N - 111.0 | 14/1045    |

| Saksnr | Utval         | Type | Dato       |
|--------|---------------|------|------------|
| 008/15 | Formannskapet | PS   | 09.02.2015 |

### HØYRINGSUTTALE - OMORGANISERING AV SKATTEINNKREVJINGA FRÅ 1.1.2016

**Prenta vedlegg:**

Høringsuttalelse fra NKK

**Saksopplysningar:**

Rådmannen, 14.01.2015

**Aktuelle lover, forskrifter, avtaler m.m.:**

Høringsbrev frå finansdepartementet

**Saksorientering:**

Regjeringa har lagt fram ein rapport utarbeidd av Skattedirektoratet, om omorganisering av skatteinnkrevjinga. Rapporten er lagt ut på høyring med frist for uttale 02.03.2015. Eventuell omorganisering skal etter planen ha verknad frå 1.1.2016.

Etter forslaget frå rapporten skal skatteinnkrevjinga i Sveio kommune flyttast til Haugesund og Bergen. Arbeidsgjevarkontrollen er foreslått lagt til Haugesund, og resten av innkrevjingsfunksjonen er foreslått lagt til Bergen. Skatteinnkrevjingsfunksjonen til dei andre kommunane i nord Rogaland og Sunnhordland er også foreslått lagt til Haugesund og Bergen.

**Vurdering:**

Sjå forslag til vedtak nedanfor.

**Rådmannen sitt forslag til vedtak:**

Sveio kommune sendar følgjande uttale i saka:

Visar til høyringsbrev av 01.12.2014 og til eige brev frå finansdepartementet 04.12.2014, som inkluderer kommunane som høyringsinstans i spørsmålet om å overføre skatteoppkrevjaren til Skatteetaten. Frist for høyringsuttale er satt til 02.03.2015.

Sveio kommune ser det som positivt at regjeringa ser på omorganisering og effektivisering innan skatteområdet. Føreliggande tiltak om å overføra skatteinnkrevjinga frå kommunane til



skatteetaten ser me derimot ikkje på som godt.

I Sveio kommune inngår skatteoppkrevjarfunksjonen som ein del av det økonomiske fagmiljøet i kommunen. Skatteoppkrevjaren bidrar med kompetanse, og gjer kommunen moglegheit til ein meir fleksibel bruk av arbeidsressursane. Eit sterkt økonomikontor er viktig for at kommunen skal kunne nytta sine økonomiske ressursar effektivt og målretta. Føreliggjande forslag vil svekka kommunen på økonomiområdet.

Kommunen krev inn mange ulike krav. Skatteoppkrevjarfunksjonen er ein viktig ressurs i dette arbeidet. Ein overføring av skatteinnkrevjing til skatteetaten, vil redusera kommunen sin moglegheit for effektiv og god innkrevjing av sine krav.

Nærleik til innbyggjarane og lokalkunnskap bidrar til effektiv og korrekt innkrevjing. Nærleik til skatteytarane er også viktig i kampen mot svart økonomi. Vidare er nærleik og lokalkunnskap viktig for å forstå og hjelpe dei som treng det mest. Om skatteinnkrevjinga overførast til skatteetaten, vil ein miste denne nærleiken til skatteytarane.

Dagens kommunale ordning er effektiv, og det er store summar som krevjast inn. Det er ein risiko for at skatteinnkrevjinga ikkje blir like effektiv om ein flyttar den til skatteetaten. Sjølv små avvik frå dagens innkrevjingseffektivitet vil gje store beløpsmessige utslag.

NKK har gitt ein fyldig og god uttale i samband med denne høyringa. Sveio kommune støtter denne uttalen.

Sveio kommune meiner at dagens kommunale løysing er betre enn den som følgjer av rapporten frå Skattedirektoratet.

Formannskapet - 008/15

## **FOR - behandling:**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

## **FOR - vedtak:**

Sveio kommune sendar følgjande uttale i saka:

Visar til høyringsbrev av 01.12.2014 og til eige brev frå finansdepartementet 04.12.2014, som inkluderer kommunane som høyringsinstans i spørsmålet om å overføre skatteoppkrevjaren til Skatteetaten. Frist for høyringsuttale er satt til 02.03.2015.

Sveio kommune ser det som positivt at regjeringa ser på omorganisering og effektivisering innan skatteområdet. Føreliggjande tiltak om å overføra skatteinnkrevjinga frå kommunane til skatteetaten ser me derimot ikkje på som godt.

I Sveio kommune inngår skatteoppkrevjarfunksjonen som ein del av det økonomiske



Sveio kommune

fagmiljøet i kommunen. Skatteoppkrevjaren bidrar med kompetanse, og gjer kommunen moglegheit til ein meir fleksibel bruk av arbeidsressursane. Eit sterkt økonomikontor er viktig for at kommunen skal kunne nytta sine økonomiske ressursar effektivt og målretta. Føreliggjande forslag vil svekka kommunen på økonomiområdet.

Kommunen krev inn mange ulike krav. Skatteoppkrevjarfunksjonen er ein viktig ressurs i dette arbeidet. Ein overføring av skatteinnkrevjing til skatteetaten, vil redusera kommunen sin moglegheit for effektiv og god innkrevjing av sine krav.

Nærleik til innbyggjarane og lokalkunnskap bidrar til effektiv og korrekt innkrevjing. Nærleik til skatteytarane er også viktig i kampen mot svart økonomi. Vidare er nærleik og lokalkunnskap viktig for å forstå og hjelpe dei som treng det mest. Om skatteinnkrevjinga overførast til skatteetaten, vil ein miste denne nærleiken til skatteytarane.

Dagens kommunale ordning er effektiv, og det er store summar som krevjast inn. Det er ein risiko for at skatteinnkrevjinga ikkje blir like effektiv om ein flyttar den til skatteetaten. Sjølv små avvik frå dagens innkrevjingseffektivitet vil gje store beløpsmessige utslag.

NKK har gitt ein fylldig og god uttale i samband med denne høyringa. Sveio kommune støtter denne uttalen.

Sveio kommune meiner at dagens kommunale løysing er betre enn den som følgjer av rapporten frå Skattedirektoratet.